

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 21.05.18

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Kari Ugland

SAKA GJELD: **Årleg melding Brukarutvalet Helse Fonna 2017**

STYRESAK: **28/18**

STYREMØTE: **28.05.18**

Administrerende direktør si orientering pkt.6

1 vedlegg

Årleg melding

Brukarutvalet Helse Fonna 2017

Samansetjing av utvalet

Medlemmer

Leiar Laila Stensletten	FFO Hordaland
Nestleiar Janne-Elin Kvalheim Thronsen	Kreftforeningen
Berit Askevold Eriksen	FFO Rogaland
Synnøve Solbakken	Hordaland Fylkeseldreråd
Einar Schibeavaag	FFO Rogaland
Kjell Inge Bringedal	SAFO Sørvest
Karl Olaf Sundfør	RIO
Alf Anvedsen	SAFO Sørvest

Varamedlemmer

Heidi Larsen Wåge	Kreftforeningen
Else Berit Ingvaldsen	SAFO Sørvest
Astrid Rørvig	Rogaland Fylkeseldreråd
Steinar Kroka	FFO Hordaland
Solfrid Eggen	FFO Rogaland

Administrasjonen i Helse Fonna

Kari Ugland, samhandlingssjef
Gro Røine, samhandlingskoordinator/sekretær for utvalet

Saker, oppgaver og aktivitet

Brukarutvalet har hatt åtte møte og like mange møte i eit mindre arbeidsutval (AU) for å førebu møta. I tillegg deltok Brukarutvalet på Helse Fonna sitt styremøte i juni.

Brukarutvalet har gjennomført eit felles møte med Regionalt Brukarutval (RBU). Det har også vore arrangert eit felles møte og ein felles opplæringsdag med alle brukarutvala i Helse Vest.

Det er lagt plan for tre møte første halvår 2018 og tre møter for hausten. I tillegg vil Brukarutvalet delta i eit styremøte i Helse Fonna før sommaren.

Fokusområder for utvalet i 2017

Tema som har hatt spesielt fokus i utvalet

- Universell utforming
- Pasientreiser
- Forbetningsmetodikk
- Bygg 2020
- Kvalitetssikring av medikamentopplysningar
- Prosjekt «Alle møter»
- Utviklingsplan for Helse Fonna

Møte med styret i Helse Fonna

Brukarutvalet har hatt eit møte med styret i Helse Fonna, 19. juni. Saker som vart tatt opp med styret var:

Seine radiologisvar:

Brukarutvalet etterspurde kva tiltak føretaket har sett i verk, og korleis føretaket ser for seg å sikre kapasiteten innanfor tolking av røntgensvar.

Ny finansieringsordning for kreftlegemidler:

Korleis vil ny finansieringsordning for kreftlegemidler påverke behandling av denne pasientgruppa i Helse Fonna.

Dialog med styret:

Brukarutvalet formidla ynskje om dialog med styret og kva for forventningar dei har til utvalet.

Samhandlingsutvalet

Brukarutvalet er representert i Samhandlingsutvalet som har til hovudoppgåve å bidra til at brukarane skal oppleve ei samanhengande helseteneste på tvers av forvaltningsnivåa. Dei lovpålagde samarbeidsavtalane er førande for utvalet sitt arbeid. Brukarutvalet har vore opptekne av at avtalane må vera forma på ein slik måte at det ikkje er tvil om kor pasienten skal ha behandling og oppfølging – ikkje bli «kasteball» i systemet. Samhandlingsutvalet har mellom anna diskutert sak om overføring av oppgåver frå sjukehus til fastlege/kommune. Saman skal partane finne ut av dette utan at brukaren skal bli skadelidande på noko vis.

Ny lovgiving forpliktar spesialisthelsetenesta til å involvere brukarane i forskning. Her er brukarane ei viktig gruppe med sine erfaringar, og for å auke fokus på forskning også i kommunane blei dette satt som hovudtema på den årlege toppleiarkonferansen.

Samhandlingsutvalet er referansegruppe for utviklingsplanen for Helse Fonna.

Nettverk knytt til dei ulike tenesteavtalane har vore presentert for samhandlingsutvalet. Sett frå eit brukarperspektiv er desse nettverka svært viktige for utveksling av erfaring, kunnskap og

kompetanse i kommunar og føretak, noko som vil komme brukarane til gode. Det er og gitt orientering om den økonomiske situasjonen i Helse Fonna samt «Bygg Haugesund 2020».

Brukarutvalet har fått gode høve til å koma med innspel, stille spørsmål og ta del i diskusjonar i alle 75 saker som har vore til handsaming i Samhandlingsutvalet i 2017.

Nye retningsliner for brukarmedverknad i Helse Fonna

Helse Fonna har fått nye retningsliner for brukarmedverknad i prosjekt og utval og desse er like for alle føretaka i Helse Vest. Retningslinene gir forslag til opplæring, honorering, oppfølging og ivaretaking av brukarmedverknad samt organisering og administrering.

Brukarmedverknad i helseforskning

Brukarutvalet samarbeider med FOUSAM, eining for forskning og utvikling innan samhandling www.fousam.no om rekruttering, registrering i brukarbank og oppfølging av brukarrepresentantar.

Fellesmøte med Regionalt brukeutval i Bergen 29. – 30. August

Tema som blei tatt opp var Informasjonssikkerheit og personvern ved Erik M. Hansen, administrerande direktør i Helse Vest IKT.

Presentasjon av prosjektet NORSE ved Christian Moltu, prosjektleiar/fagsjef i Helse Førde

Presentasjon ved leiarane for brukarutvala og ungdomsråda i Helse Vest.

Erfaringsinnlegg om samval ved Rune Kløvtveit, nestleiar for brukarutvalet i Helse Sør Øst RHF

Reell brukarmedverknad og samval ved Anne Marie Dalby Landmark.

Brukarinvolvering i tiltaksplanen til strategien for Helse Vest, Helse 2035, ved Dagfinn Hallseth frå prosjektet.

Temasaker i 2017

På møta i Brukarutvalet har det vore informert om ei rekke tema dette året:

- Helseføretaket og Kvinnslandsutvalget sin rapport ved Direktør Olav Klausen
- Samhandling mellom Helse Fonna og kommunane ved samhandlingssjef i Helse Fonna
- Omvising ved Stord Legevakt og kommunale ØHD plassar
- Omvising på Stord sjukehus kirurgisk avdeling om toalett/dusjforhold ved klinikkdirektør ved Stord sjukehus Reidun Mjør og seksjonsleiar ved teknisk eining
- Informasjon om verksemda og om kvalitetsdagane ved fagdirektør Haldis Økland Lier og kommunikasjonssjef Margaret Langebro
- «Kva er viktig for deg dagen» ved samhandlingskoordinator Gro Røine
- Forbedringsmetodikk ved spesialrådgiver for pasientsikkerhet Elisabeth Huseby
- Utviklingsplanen for Helse Fonna ved Reidun Mjør prosjektleiar
- Nye retningslinjer og rutinar for brukarutvalet ved samhandlingssjef Kari Ugland
- Pasientreiser ved Margareth Sørensen, funksjonsleiar for Pasientreiser i Helse Fonna
- Bygg 2020 ved Laila Nemeth
- Kvalitetssikring av medikament opplysningar ved seksjonsleiar Nina Hauge
- Lærings og mestringscenteret ved Christense Eilerås Eek
- Prosjektet « Alle møter» ved prosjektleiar Turid Grevstad Norheim
- Årleg melding 2017 frå Helse Fonna og særskilt rapportering til årleg melding.
- Sluttrapport frå prosjektet «Transport av psykisk sjuke»

Brukarutvalet har gjeve uttale i følgjande høyringar og sendt brev til:

Kvinnslandsutvalet

Odda sjukehus

Universell utforming ved sjukehusa i Helse Fonna

Brukarhuset og deira bruk av namnet Helse Fonna

BU deltaking i arbeidsgrupper og utval

Arbeidsgrupper/utval/samlingar	Namn
Arbeidsutval for habilitering og rehabilitering	Kjell Inge Bringedal Alf Anvedsen (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Hardanger sjukehusområde	Wenche Evensen Bodil Mikkelsen (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Haugalandet sjukehusområde	Janne-Elin Thronsen Alf Anvedsen (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Sunnhordaland sjukehusområde	Laila Stensletten Else Berit Ingvaldsen
Kvalitetsutvalet	Laila Stensletten
Toppleiarforum	Laila Stensletten Janne Elin K. Thronsen
Samhandlingsutvalet	Laura Sofie Seltveit Nils Magne Kloster Laila Stensletten (vara)
Tvisteløysingsorgan SU	
Ressurspersonar for erfarings- konsulenten i FOUSAM	Laila Stensletten
Fagnettverk for barn og unge. Samarbeid mellom kommunar og Helse Fonna	Laila Stensletten/Janne-Elin Thronsen
Styringsgruppe Samhandlingsprosjekt Barn og unges helseteneste	Laura Sofie Seltveit
Planlegge samling/fagdag for brukarmedverknad på rusfeltet	Karl Olaf Sundfør
Styringsgruppe utviklingsplan Helse Fonna	Laila Stensletten
Utviklingsplan Helse Fonna Prosjektdeltakarar	Einar Schibevaag Karl Olaf Sundfør
Reinnleggelser Langvarig koordinerte pasientforløp	Nils Magne Kloster

Gode pasientforløp for eldre og kronisk sjuke	Nils Magne Kloster
Byggeprosjekt 2020:	
Styringsgruppe	Jostein Havnerås / Laila Stensletten
Kvinne / barn	Janne- Elin Thronsen
Obs posten	Laura Seltveit
Intensiv/postop	Gerd Lise Dalen
Operasjon/dagkirurgi	Gerd Lise Dalen
Laboratorium	Janne- Elin Thronsen
Radiologi	Janne- Elin Thronsen
Fellesfunksjonar	Kjell Inge Bringedal
Hjarte/lunge/MIO	Tore Larsen
Nyfødt	Janne-Elin Thronsen
Rus/DPS	Karl Olaf Sundfør

Brukarutvalet sine satsingsområde for 2017

Pasientreiser, universell tilrettelegging

Forslag til satsingsområde for 2018:

Følgje opp Bygg prosjekt og utviklingsplan. Pasientreiser, Samhandling